



-Det kan utifrå einaskilde rapportar verka som om hjortejakta har hatt eit meir beskjedent omfang i Noregs største hjortekommune Kvinnherad enn vanleg denne hausten. Og kva er så eventuelt grunnen til det? uskedalen.no rettar spørsmålet til ein av dei mest røynde hjortejegarane i bygda, Svein Ottar Rørheim, som svarar:

- Inntrykket stemmer etter mi mening. For min eigen del har eg soleis felt berre ein hjort. Grunnen til eit eventuelt mindre omfang av jakta har eg imidlertid ikkje den ringaste peiling på.. Eg kan i alle fall ikkje finna nokon grunn her og no.

BILETET OVER VART TEKE EIT ÅR DÅ HJORTEJAKTA HADDE EIT NÆRSAGT EVENTYRLEG RESULTAT - HAUSTEN 2009. Svein Ottar Rørheim sit med utbyttet av jakta i dei første timane - som altså var 3 hjortar!

Viltforvaltar Leiv Trygve Varanes seier at jaktresultatet til ein mann i alle høve er eit for spinkelt grunnlag å byggja ein konklusjon på. Og han sleg fast at ein sluttkonklusjon ikkje kan og bør trekkjast før minst ei veke ut i det nye året på grunn av rapporteringsfristen. Sjølve jakta er kkje slutt for lillejulafta.

Det har vore svært store variasjonar i utbyttet og Varanes såg for sin del 12 hjortar så seint som for vel ei veke sidan i Utåkerområdet. Det tyder ikkje på nokon alvorleg svikt i bestanden. Rett nok har han registrert mindre jaktutbytte einaskilde stader men det er ikkje grunnlag nok for ein generell negativ konklusjon.

Det er altså ikkje grunnlag for å trekkja han - eller eventuelt ein meir positiv slik - før ein kjem litt inni 2016.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen